

# Alkoholpolitisk handlingsplan For Kvinnherad kommune 2024-2028

Vedtatt av Kvinnherad kommunestyre 20.06.2024. Gjeld frå 1.oktober 2024 til 30.september 2028.



KVINNHERAD  
K O M M U N E

# 1 Generelt

Formålet med alkoholloverket er å «*begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.*» jf. alkohollova § 1-1. Kommunane sitt løyve- og kontrollmynde er eit svært effektivt verkemiddel for å redusera alkoholforbruket og alkoholrelaterte skadar. Alkohollova gjev kommunen stor fridom til å utforma sin eigen alkoholpolitikk.

Denne handlingsplanen skal vera styrande for handsaming av søknadar knytt til alkohol og gjev reglar for korleis dei ulike løyva skal praktiserast i løyveperioden 01.10.24- 30.09.28. Om ikkje anna er bestemt i denne planen, gjeld nasjonale reglar i [alkohollova](#) og [alkoholforskrifta](#). HelseDirektoratet sine [rundskriv og kommentarar](#) skal vera retningsgjevande.

Sakshandsamar må ha kunnskap om det aktuelle regelverket til ei kvar tid for å sikra at:

- Handlingsplanen vert følgd.
- Søkjar oppfyller lovkrav.
- Kommunen har oversikt over bevillingshavarar.
- Innbyggjarane får god og korrekt vegleiing.
- Brot vert møtt med sanksjonar.
- Kommunen har eit godt samarbeid med politi, helse og sosiale tenester, SLT-koordinator og næringa sjølv.

For å oppfylle formålet med alkohollova er det viktig at kommunen utøver stor grad av skjøn ved søknadshandsaminga, kontrollutøvinga og eventuell løyveinndraging. Kommunen kan mellom anna leggja vekt på tal skjenkestader, type skjenkestad, plassering av skjenkestader, målgruppe, orden og andre tilhøve knytt til lokalmiljøet jamfør [alkohollova § 1-7a](#).

Ved handsaming av søknadar om faste løyve for sal- og skjenking av alkohol skal det leggest vekt på uttalar frå politiet og SLT-koordinator.

Det kan stillast vilkår for løyva i samsvar med alkohollova og -forskrifta.

## 2 Løyveperioden

Faste kommunale løyve vert som utgangspunkt gitt for 4 år, men opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. *Fornyng* av faste sals- eller skjenkeløyve skjer ved enkel, delegert prosess, ved at løyvehavar sender kommunen melding innan gitt frist om ynskje om vidareføring og informerer om eventuelle endringar. Løyvehavar får då tilsendt nytt løyve som kan nyttast på vilkår av at ny handlingsplan og nye vilkår vert følgd. Ved vandelsmerknad må fornyng handsamast politisk.

Nye sals- eller skjenkeløyve krev fullstendig søknad og handsaming i formannskapet.

Perioden for einskilde og ambulerande løyve skal stå i vedtaket. Det kan søkjast om fleire einskilde skjenkeløyve for same lokale i same søknaden.

## 3 Salsløyve

Alkohollova § 1-4 fyrste avsnitt definerer sal som «*overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet.*»

Salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 vol.% skal berre tildelast daglegvarebutikkar, nettbutikkar og gardsbutikkar som har mikrobryggeri. Det er omsetnaden av vareutvalet som avgjer om staden skal reknast som daglegvarebutikk eller kiosk/bensinstasjon, ikkje vareutvalet i hyllene.

Lovlege salstider:

- Kvardagar kl.08.00 – 20.00
- Dagar før søn- og heilagdag kl. 08.00 – 18.00.
- Dagen før Kristi himmelfartsdag kl. 08.00 – 20.00.

Løyvehavar bestemmer si eiga salstid innanfor salstidene ovanfor.

Alle kjøp og overleveringar av alkohol må kontrollerast av personale. Dette for å oppfylle krav om at den som mottar alkoholen både oppfyller [alderskrav](#) og [ikkje er openbart påverka](#).

## 4.0 Skjenkeløyve

*Punkt 4.0 gjeld for alle typar skjenkeløyve.*

Alkoholova § 1-4 andre avsnitt definerer skjenking som «*salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilliggelser.*»

Lovlege skjenketider:

- Frå kl. 12.00 til 01.30 for alkoholhaldig drikk under 22 vol.% alkohol.
- Frå kl. 13.00 til 01.30 for alkoholhaldig drikk over 22 vol.% alkohol.

Det kan ikkje søkast om utvida skjenketid.

Ved tildeling av løyve til skjenking utandørs skal det takast omsyn til naboar, offentleg ro og orden, og nærleik til sjø og trafikk. Det kan vedtakast kortare skjenketid utandørs i særlege tilfelle. Det skal vera tydeleg avgrensa skjenkeområde både for innadørs og utandørs skjenking.

Lokala skal som hovudregel oppfylle krav om universell utforming. Unntak frå kravet kan bli gitt dersom slik tilrettelegging vil bli urimeleg kostnadskrevjande eller andre særleine tilhøve gjer seg gjeldande.

Ved større arrangement på stader som normalt sett vert nytta til anna formål vert skjenkeløyve gitt på vilkår av godkjenning av politiet og brannvesenet. Melding om skjenkeløyve skal sendast til skjenkekontrollen og politiet.

Alle som skjenkar alkohol må ha gjennomført [digitalt kurs i ansvarlig vertskap](#). Dokumentasjon på bestått kurs må leggjast i internkontrollen eller vera lett tilgjengeleg for kontroll på annan måte.

Alle som skal vere i arbeid ved ein skjenkestad med faste skjenkeløyve må ha naudsynt opplæring vedrørande dei oppgåver dei skal utføre.

### 4.1 Faste skjenkeløyve

Faste skjenkeløyve kan tildelast hotell, restaurantar, kafear, pubar, barar, selskapslokale og kultur-/kinosalar.

Kommunen skal kalla skjenkenæringa og politiet inn til årlege samarbeidsmøte.

## 4.2. Einskilde skjenkeløyve

Eit einskild skjenkeløyve gjeld arrangement som er opne for publikum, til dømes dans eller festivalar. Løyvet er tidsavgrensa og knytt til det konkrete arrangementet.

For eit einskild skjenkeløyve vert det berre gjeve løyve for alkoholhaldig drikk med høgst 22 vol.%.

Ansvarleg(e) for einskilde skjenkeløyve må vera til stades under utøving av løyvet.

## 4.3 Ambulerande skjenkeløyve

Ambulerande skjenkeløyve skal berre gjevast til lukka lag som bryllaup, jubileum og liknande arrangement i private eller offentlege lokale. Ambulerande skjenkeløyve kan ikkje gjevast til arrangement i kommunale skulebygg, med unntak av Mauranger skule og Åkra skule. Det kan gjevast opp til 3 ambulerande skjenkeløyve per dag.

Ansvarleg(e) for ambulerande skjenkeløyve må vera til stades under utøving av løyvet.

## 5 Gebyr

Prisane for faste sals- og skjenkeløyve, ambulerande løyve og kunnskapsprøvar føl av alkoholforskrifta [§§ 6-2](#) og [5-6](#) og [etablerarprøveforskrifta § 7](#).

Ved søknad om løyve skal det gjevast opp kor mange personar arrangøren forventar. Rekning for gebyr vert sendt ut på bakgrunn av dette, og vert endra i ettertid dersom talet overstig gitt gebyr.

Gebyr for einskild skjenkeløyve:

- Arrangement der forventa tal deltakarar er frå 0 til 99 personar: kr. 600,-
- Arrangement der forventa tal deltakarar er frå 100 til 199 personar: kr. 1500,-
- Arrangement der forventa tal deltakarar er meir enn 200 personar: kr. 3000,-

Eit einskild løyve kan maksimum gjelda for eit arrangement som strekk seg over ei veke.

Dersom kommunen får melding om avlysing på førehand må løyvehavar betala eit sakshandsamingsgebyr lik gebyr for ambulerande skjenkeløyve.

## 6 Handsaming av søknadar

Administrasjonen har delegert mynde til å avgjera søknadar/handsama saker om:

- Ambulerande løyve jf. [al. § 4-5](#)
- Sals- og skjenkeløyve ved einskildhøve jf. [al. § 1-6 andre avsnitt siste setning](#).
- Godkjenning av styrar og reservestyrrar jf. [al. § 1-7c](#).
- Utviding av skjenkeområde ved einskildhøve jf. [al. § 4-2 fjerde avsnitt](#).
- Utviding av faste skjenkeløyve til å gjelda sterkare alkoholhaldig drikk (alkohol gruppe 3) ved einskildhøve jf. [al. § 4-2 fyrste avsnitt](#).
- Fornyng av fast sals- eller skjenkeløyve jf. [al. § 1-6 tredje avsnitt, siste setning](#).
- Prikktildeling jf. [alkoholforskrifta § 10-2](#).
- Søknadar om bruk av verjeordning for einskildhøve/unntak frå aldersgrensa etter kl.22.

Andre søknadar eller saker skal avgjerast av formannskapet etter uttale frå aktuelle instansar (til dømes politiet, byggesak, brann og redning, helse- og sosialsektoren og SLT-koordinator.) [Delegeringsreglementet](#) inneheld detaljert oversikt over delegeringane etter alkoholregelverket.